

NORSKJAZZ NO

Tida var moden. Både for å skapa noko reinskore i eit anna format, og å spela med andre, yngre musikarar. Eg hadde lenge hatt ein inspirerande draum om å spela inn eit akustisk album med kvartett. Kanskje heilt sidan starten på det frilanslivet eg har levd sidan 1985. Ein start der eg jobba mykje med nord-amerikansk jazztradisjon, både i mindre ensemble og i storband, og gjennom lærerike timar hjå saksofonistane O. Dale, K. Riisnes og JP Indreberg. Men den nord-amerikanske tradisjonen framstod som framand, med strenge fastlåste mønster, både når det gjaldt form og innhald. Eit heilt nytt landskap dukka opp når eg forstod at det var muleg å dukka ned i tradisjonane frå mitt eige land og forska i dei klangane og rytmane. Det gjorde eg først gjennom forskinga med fri-impro duoen Isglem, og då eg starta arbeidet med norsk folkemusikk (Sogn-A-Song og Utlå): Improvisasjon kobla til "norske kjelder" var muleg, og frigjerande. Det var begynninga på noko stort for meg.

Det norske jazzmiljøet er meir konservativt fokusert enn særleg omverda latar til å tru. Det eg – og fleire med meg har fått til og skapt – som pionerar, har på mange måtar vorte skapt på trass av, og ikkje på grunn av rådande straumningar i norsk jazz. Men me har alle, som lyttarar, forventningar eller etablerte kodar i oss der ulike musikkuttrykk skapar attkjenning, eit "heimkoseleg" rom. Slik sett er me alle konservative. Me likar å høyra ting om igjen - i lys av det me har høyrte før.

Det tek lang tid før ein får aksept for å utvikla nye uttrykk bygd på tidlegare generasjonars lyd. Fleire norske musikarar har, også i eit globalt perspektiv, vore i forkant og skapt andre innfallsvinklar til improvisasjon. Jazzmusikk der melodi, harmonikk, improvisasjon, rytme, form, er bygd på andre røter, andre tradisjonar enn dei nord-amerikanske.

Min draum om å spela inn eit akustisk album har modnast fram gjennom spelninga, komponeringa, CD-utgjevingane. Først og fremst ville eg med denne innspelninga høyrleggjera for meg sjølv at den musikken eg er opphavsmann til gjennom å ha sysla med norsk folkemusikk mykje av tida, også fungerer i dette formatet - kvartetten: Den som kanskje mest av alt er knytt til jassen i historisk perspektiv.

Journalisten Terje Mosnes har uttalt at for han er norsk jazz den musikken som til einkvar tid blir spelt av norske jazzmusikarar. Med alle sine svært ulike stemmer. Eg har alltid rekna meg som jazzmusikar i tydinga av ordet: at eg kan improvisera. For meg er ikkje namnet eg set på musikken eg skapar viktig. Men sidan det eingang er slik at mange helst ser musikken kategorisert - før dei lyttar, har eg med denne innspelninga gjort det lettare for alle - ved å kalla albumet "norskjazz no". Og heilt sidan starten har dette spørsmålet mora oss: Er det jazz? Så lenge nokon lurar på det, lever musikken, og kanskje den utvidar det heimkoselege rommet i oss?

Eg er takksam for at Eple trio ville vera med på å høyrleggjera ein draum. Takk også til produsent Lindha Kallerdahl som sa det rette - i den rette augneblink.

Det viktigaste parameteret for meg, gjennom desse åra som musikar og komponist, har vore og er: klang. Eg har i all hovudsak ein klangleg innfallsvinkel til å spela, skapa, improvisera. Det står også sentralt i innspelninga av dette albumet.

Karl Seglem



KARL SEGLEM - Kort biografi

Musikkskribenter har beskrevet Karl Seglem som en markant og nyskapende musiker og komponist. Seglem blir framhevet som en av Norges fremste tenorsaksofonister, med en original og særpreget stemme og en unik evne til fornyelse. Karl Seglem er iferd med å etablere seg i Europa som Norges eneste profilerte verdensmusikkartist. Som en rekke CD-utgivelser nettopp viser, benytter Karl Seglem norsk tradisjonsmusikk, særlig hardingfelemusikken, som utgangspunkt for å utforske nye musikalske rom - sitt eget uttrykk. Seglem spiller world-music, -etnojazz med røtter i lokal musikk, som i hans grupper fremstår som global. Hans mangeårige samarbeid med hardingfelemesteren Håkon Høgemo blir videreført og utfordret.

Som musiker, komponist og plateselskapsjef for NORCD har Seglem produsert og utgitt egen og andres musikk i grenselandet mellom folkemusikk og jazz, uten å skjele til lettvinde kommersielle løsninger. Sånt vinner både anseelse og respekt. Foruten å komponere musikk til egne band, har han skrevet musikk for teater, film og video, og har hatt mange bestillingsverk, senest Jørn Hilme stemnet 2008.

Seglem har tidligere vært opptatt av koblingen mellom litteratur og musikk, noe hans CD-utgivelser "Prosa og dikt"(2CD m. forf .Jon Fosse), "Tya" (Edvardprisen 1998) og "Nye Nord" viser.

Seglem har hatt mange opptredener i radio og fjernsyn og har turnert landet rundt. Han har vært benyttet som studiomusiker og produsent. Han har hatt opptredener på de fleste viktigste norske jazz- og folkemusikkfestivalene og har hatt en rekke turneer og oppdrag utenlands, bl.a. i Tyskland, UK, Japan, Finland, Bulgaria og USA. En ny internasjonal kvintett-turné er under planlegging i forbindelse med lansering av ny CD høsten 2009.

Andreas Ulvo, piano, (f.1983) fra Eidskog i Hedmark, har til tross for sin unge alder rukket å markere seg på den norske og europeiske jazzscenen. Hovedprosjektene hans er Ulvo Ensemble og Eple Trio. Sammen med de to andre medlemmene i Eple Trio, har han tatt mastergraden i improvisasjon og jazz ved Norges Musikkhøgskole. Ulvo jobber også med band og artister som Mathias Eick Quartet, Shining, Karl Seglem, Frøy Aagre og Thom Hell.

Sigurd Hole, bass, (f. 1981) fra Rendalen i Hedmark er en aktiv bassist på den norske jazzscenen. Hans hovedprosjekter er Eple Trio og Ebersen/Kjersem/Hole trio. Sigurd har også flere andre prosjekter med Jon Ebersen, og jobber ellers med band og artister som Antonsen/Riisnæs kvartett, Roger Johansen group, Søyr, Espen Rud og Morten Quenhild. I tillegg til utøvende virksomhet underviser Sigurd også i samspill og improvisasjon ved Norges Musikkhøgskole, hvor han ble ferdig med sin mastergrad i år.

Jonas Howden Sjøvaag, trommer(f. 1978) fra Tjøme er utdannet til mastergrad i improvisasjonsmusikk ved Norges Musikkhøgskole. Han arbeider innenfor mange sjangre, og er initiativtager, komponist, vokalist og slagverker i bandet Navyelectre som spenner over et bredt sjangerregister. Sjøvaag er også slagverker i Eple Trio, og har spilt med blant andre Hanne Hukkelberg og Ivar Grydeland.